



DEN NORSKE KYRKJA

Kviteseid Sokneråd

REFERAT frå møtet i Kviteseid Sokneråd

onsdag 13. juni 2018 kl. 18.00

På kommunehuset

Innkalla:

Leiar: Håkon Birkeland, Nestleiar: Magnhild Vaagen Kvalbein, Inger Lise Berge, Marit Gotuholt, Hans Kristian Aabø, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde, Kommunens representant Tore Åsland
1.vara: Reidun Øverbø Fisketjønn, Kyrkjeverje Kristen Salmelid.

Møtte ikkje: Kommunens representant Tore Åsland.

Vidar Syrtveit Mikalsen deltok frå 19.30-20.00

Ord for dagen ved Møyfrid Lunde.

Beverting v/Magnhild. Takk.

Mail kopi innkalling til revisor Mariann Todal.

(Referat sendes i tillegg til ordførar Tarjei Gjelstad, rådmann Øystein Tveit, økonomisjef Lothar Edel, rekneskapsførar Laila Maria Andreasen og prost Asgeir Sæle)

Sak 39/18	Innkalling og saksliste	HB
Forslag til VEDTAK: Innkallinga sendt ut på e-post 04.06.2018 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend. VEDTAK: Som føreslege.		
Sak 40/18	Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 25.04.2018	HB
Forslag til VEDTAK: Referatet frå møtet 25.04.2018, sendt ut på mail 02.05.2018, vart godkjend. VEDTAK: Som føreslege.		
Sak 41/18	Post og meldingar	MG, HB, ML, KS
1. <u>Marit Gotuholt</u> orientera om føreståande arrangement: a. 9. juni kl. 18.00: Konsert ved Kviteseid hornmusikk og Herre ungdomskorps i Kviteseid kyrkje. b. 1. juli kl. 19.30: Konsert i Kviteseid kyrkje ved Operagutta for 5. år på rad. c. 23. sept.: Konsert i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 ved Seljord songlag som syng tekstar av Olav Mosdøl arrangert av Oddbjørn Aase. d. 2. nov.: Gratis allehelgensdag-konsert i Kviteseid kyrkje ved Jan Haugen med fleire. e. 8.des.: Julekonsert ved Emil Solli Tangen mfl. i Kviteseid kyrkje kl. 19.00 f. Adventskonsertar i Vrådal kyrkje (dato), og Kviteseid kyrkje 16.12. 2. <u>Møyfrid Lunde</u> : a. Frå Fellesmøtekomitè. Referatet ligg ved innkallinga. b. Rapport frå Godhetsveka: Oppsummering/evalueringsrapport ligg ved.		

- c. Konfirmantopplegget 18/19: 23 konfirmantar er påmeldt til 2018/19. På leiren nå i veke 25 vert og 3 konfirmantar frå Tentro (Misjonskyrkja Betel) med.
 - d. Leiarprogrammet «ønsket og elsket» 18/19 har fått berre 2 påmelde.
 - e. Referat frå møte i kyrkjelydsutval for Vrådal: *Planlegg hausttakkefest saman med sanitetslaget. Blir gjerne med og hjelper på felles tilstellingar. Allehelgensdag gjerne berre i Kviteseid, men med hjelp frå andre til arr.*
3. Beredskap i sommar: Sokneprest Møyfrid Lunde har ferie i heile juli mnd. Då vert det sokneprest i Seljord, Dag Harald Undheim som blir fungerande sokneprest i Kviteseid også. Kyrkjeverja har ferie berre ei veke i sommar. Han ordnar seg med naudsynt delegering den veka. Organisten er då kontakt ved dødsfall og behov for gravferd.
 4. Håkon Birkeland: ref. Bygdekvalden i Vrådal 7. juni om Vrådal gamle kyrkje og kyrkjegard: *44 møte på Klubbhuset i Vrådal. Veldig bra. 3 mindre foredrag av lokale og ein tilreisande. Omvising på kyrkjegarden og snakk om kva som kan eller bør gjerast. Brev frå Hans Øy via kyrkjelydsutvalet til soknerådet. SR meinte innhaldet var for ambisiøst. SR ønsker enkelt stell, ikkje nye komitear, utgreiingar og planar. SR har delegert vedlikehaldet til kyrkjelydsutvalet i Vrådal som får med seg lokale krefter til dugnad. Kyrkjeverja svarer Hans Øy.*
 5. Kyrkjegardsvedtektene soknerådet vedtok i februar (Sak.28/18) vart 16.05.2018 godkjende frå Bispedømmerrådet etter litt endringar og presiseringar påpeika av Gravferdskonsulenten i Dnk. [Vedtektene](#) er nå tilgjengelege på nettsida vår under Soknerådet og *Ymse retningsliner og dokument.*
 6. Arbeida med vindaug-glasa i Kviteseid kyrkje: To blyglas er ferdig renovert og sett inn igjen. Arbeidet med verneglasa held fram, men går seint.
 7. Søknad om oppheng av kyrkjeskjip i Kilen kapell er enda ikkje respondert på frå biskopen. Påminning er sendt endå ein gong.
 8. Investeringsprosjekta for 2018:
 - a. Automatisk ringeanlegg Kviteseid: Saken fylgjes opp. Tilbod frå Olsen-Nauen Klokketøperi AS er godkjent under føresetnad om godkjenning frå Riksantikvaren og Biskopen.
 - b. Taket på Brunkeberg tårn og apsisen på gamle-kyrkja fylgjast opp.
 9. 20.juni er FN si Internasjonale Flyktingdag. Kyrkja i Øvre Telemark markerar denne dagen med ei pilgrimsvandring frå Evju bygdetun til Nes kyrkje i Sauherad. Alle er velkomne til å delta. Programmet som er frå kl. 11-14 20.6. ligg nå tilgjengeleg på vår nettside.
 10. Avtale med NAV om å bli IA-bedrift er nå underteikna. Soknerådet bør på sikt sette setja seg litt meir konkrete mål for seniorpolitikken til tilsette i Kviteseid sokn.
 11. Leasingavtala på kyrkjebilen går ut i november. Det vurderast ny leasing kontra å kjøpe ut den vi nå leaser. Den har bare gått 27.000 km på tre år. Kjøp vil i tilfelle bli på avbetaling med omtrent same månadlege kostnad som leasingen i dag. *SR anbefalte vidare/ny leasingavtala.*
 12. Forslag til ny kyrkjeordning kan komme ut på høyring i nær framtid. Dei som ønsker Sommar-lektyre på 270 sider om saka, kan følge [denne lenka](#). Det kan bli sak for SR til hausten.

Lagt til under møtet / etter innkalling:

13. *Fellesmøtene og Godhetsveka er nå i Brønnøysundregisteret registrert med foreningsnavnet: Felleskirkelig forening i Kviteseid, og har fått eige org.nr. Bankkontoane som var tilknytt Kviteseid sokn sitt org.nr. er nå ført over til den nye foreninga.*
14. *Kontroll av brannsløkkingsutstyr i mai viste at alle 3 brannslangane utanfor kyrkjene i Brunkeberg, gamlekyrkja og i Vrådal var lekk. Den siste var heilt øydelagt og hadde ikkje vore kontrollert på i alle fall 15 år. Alle 3 vil snarleg bli skifta.*

15. Det er avtalt møte med Johannes Skarprud for å utarbeide ei avtale mellom Bygdetunet/Vest-Telemark museum og Kviteseid sokn om bruk av Gamlekyrkja. Eit forsøk for fleire år sidan med å lage ei avtale, vart aldri slutført.
16. Trusopplæringsutvalet vil vidare arbeide med rekruttering av fleire frivillige, og ynskjer særleg nokon fleire til sundagsskulen og til skulelaget.

Sak 42/18, FR

Rekneskapsrapport jan-mai 2018

KS

Rekneskapsfører har levert rapport for årets 5 fyrste månader.

Driftsresultatet brutto syner kr 226.000 i over-forbruk. (etter 3 mnd: kr 262.000). Lønsumgiftene er likevel akkurat der dei skal vere pr. dato, og inntektene litt over og utgiftene litt under budsjettet.

Avdelingsvis er

- 110 Kyrkjeadministrasjon som budsjettet (2000 betre i resultat)
- 111 Kyrkjer har eit underskot på kr 182.000 kr (m.a.: høgare strømgifter for oppvarming, forsikr. bet. for heile året)
- 112 Kyrkjegardar har eit underskot på kr 139.000 (ikkje innkravd festeavgift for året før i okt./nov)
- 113 Andre kyrkjelege formål har eit overskot på kr 49.000 mot budsjettet 46.000 i underskot. (/nær 30.000 til kyrkjebladet etter 1 nr, og konf.2019 fakturaer er ført)

Vedlegg: Rekneskapsrapport 2018, 1-5

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tek den framlagde rekneskapsrapporten til vitande.

VEDTAK: Som føreslege.

Sak 43/18, FR

**Referat frå AU-møte 31.5.:
Forslag til investeringsplan for 2019-2023**

KS

Heile Referatet frå AU-møtet er tatt med her for samanhengen:

**REFERAT frå AU-møte 31.mai 2018
Kl. 16.30 på kyrkjekontoret**

Innkallinga var sendt ut på e-mail 25.mai 2018 til Håkon Borkeland, Vidar Syrtveit Mikalsen, Tore Åsland, Møyfrid Lunde og kyrkjeverja

Til stade: Håkon Birkeland, Møyfrid Lunde, kyrkjeverja og noen minutt Tore pr. telefon under sak 2.

AU-sak 1/18 Sekretærstillinga frå mellombels til fast

Birgitte Nødland Danielsen vart i 2017 tilsett som sekretær i 15% mellombels stilling frå 1. august 2017 til 31.juli 2018. Eiger av stillinga er Svanhild Fidjeland som i same periode er ute i ulna permisjon. Svanhild har no levert oppseiing frå sin 40% stilling som sekretær ved kyrkjekontoret. Oppseiinga er tatt til følge. Som næraste overordna tilrår kyrkjeverja at Birgitte tilsetjast fast i sekretærstillinga ho i dag har mellombels. Ho har òg stilling som trusopplærar i 15% stilling. Den er fast. Birgitte gjør eit godt arbeid i begge stillingane, og greier å kombinere og dele tida mellom dei mange oppgåvene på ein god måte. Ho samarbeider godt med andre tilsette og soknepresten, og har god kontakt med friviljuge, barn og unge. For å kunne behalda Svanhild Birgitte over tid, bør soknerådet fokusere på å finne midlar til å auke den samla stillingsprosenten hennar. Då vil det vera mange oppgåver ein kan finne for ein utvida trusopplærarstilling.

Forslag til VEDTAK:

AU godkjenner at Birgitte Nødland Danielsen får fast tilsetjing som sekretær i 15% ved kyrkjekontoret i Kviteseid.

Samtale under møtet:

Sokneprest føyde til at Birgitte er lett å samarbeide med, ho tar ansvar, er pliktoppfyllande og veldig ryddig. Vi bør freista å auke stillinga snarleg for å halda på Birgitte.

VEDTAK i AU:

Birgitte Nødland Danielsen tilsetjast som sekretær i 15% oppseieleg (fast) stilling ved kyrkjekontoret i Kviteseid frå 1. august 2018.

AU-sak 2/18 Investeringsplan 2019-2023

Det er i denne saka utarbeida to ulike forslag, som er kalla alternativ I og II. Sjå vedlegget.

Det fyrste alternativet inneheld eit punkt om automatisk sløkkjeanlegg til Kviteseid gamle kyrkje som alt.II ikkje har. Denne saka har søknadsfrist på tilskot på fleire hundre tusen i juni og må difor handsamast nå.

Stortinget har løyvd 10 mill. kr til brannsikringstiltak for middelalderkyrkjer av stein. Eit tilsvarande prosjekt er dei siste åra gjennomført på alle stavkyrkjene med om lag same beløp (sjå vedlagt skriv frå Riksantikvaren). Det er langt fleire steinkyrkjer, så langt færre vil kunne få. Tilskotet frå riksantikvaren krev at kyrkjeieigar bidreg med 50%. Kviteseid sokn må difor søkje kommunen om investeringsstilskot til dette. Kviteseid gamle kyrkje kvalifiserer til søknad mellom anna av di den har tilbygg / inngangsparti av tre. Sweco er engasjert for eit enkelt forprosjekt, ein moglegheits-studie før det kan søkjast om tilskot. Søknadsfristen er 30 juni 2018. Sweco leverer sin analyse med prisestimat i veke 22. Planen er mellombels oppført med max-beløp, kr 1,6 mill. / 2.

Allereie installert og fungerande brannvarslingsanlegg i Kviteseid gamle kyrkje er ein føresetnad får brannsløkkingsanlegg. Kyrkja har hatt eit slikt anlegg knytt opp i mot bygdetunet /Vest-Telemark museum inntil nyleg. Nå i mai 2018 er det blitt avdekka at kablar til kyrkja blei kutta då bygdetunet nyleg fornya sitt anlegg. Gamlekyrkja har difor ikkje lenger noko fungerande anlegg. Kostnadsberekning for å få til dette er under utarbeiding hos Dyrud elkro i Seljord. Forslaget vedlagt er difor berre estimert. Ny tilknytning til bygdetunet sitt alarmanlegg vil bli vurdert.

Brannvarslingsanlegg i Vrådal kyrkje er på planen i 2019 eller 2020 i dei to alternativa.

Blyglasvindauga i Kviteseid kyrkje er i svært dårleg forfatning. Dei to som var dårlegaste er no rehabiliterer og satt tilbake. Arbeidet med å skifta ut små øydelagde glasbitar i dei andre glasa, blei gjort 'med hjarta i halsen'. Mykje av blyet som held bileta/glasa saman er forvitra, så glasbitar kviler på glas der det skulle vore bly som batt dei saman. Tilstanden for dei store glasa betegnast som kritisk! Arbeidet er omfattande men må starte nå. Alternativ til investering over fleire år, er eit stort prosjekt 1-2 år der alle vindauga blir tatt samstundes og mørklegg kyrkja. Det er ikkje ynskjeleg.

Fleire andre prosjekta er òg sett opp på forskjellige år i dei to alternativa.

Kort samtale med økonomileiar Lothar Edel i Kviteseid kommune har klargjort at prioriteringane for investering gjerast av soknerådet so lenge tilskotet det søkjast om er om lag det same som tidlegare. På investeringsplanen for 2018-2022 var 2019 og fylgjande år alle oppført med meir enn eller omlag 1 mill. kroner kvart år.

Det samla forslaget nå inneber at det i begge alternativa søkjast om 1,0 mill. kr i årleg investeringstilskot frå kommunen i denne perioden.

Kyrkjevevja tilrår at det søkjast kommunen om fast overføring til investering på 1 mill. kroner årleg vidare. Det vil gje begge partar forutsigbarhet og kyrkja kan sjølv prioritera innanfor dei gitte rammene og take vare på kyrkjene så godt det lar seg gjere.

Vedlegg: Investeringsplan kyrkja 2019-2023

Investeringsplan kyrkja 2018-2022, for samanlikning

Forslag til VEDTAK:

AU tilrår soknerådet å søkje kommunen om 1 mill. kr. til investeringar for 2019 etter investeringsplanen for perioden 2019-2022.

Handsaming under møtet:

Tore Åsland var med på telefon på deler av denne saka.

Kostnaden på inntil kr 50.000 for mulighetsanalysen ved SWECO kan søkjast kommunen om på revidert investeringsbudsjett i august 2018. Det er vanskeleg å dekkje over drift.

VEDTAK i AU:

AU tilrår soknerådet å søkje kommunen om 1 mill. kr. til investeringar for 2019 etter investeringsplanen for perioden 2019-2023.

Forslag til VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet tek vedtaket i AU-sak 1/18 til vitande.

Soknerådet søkjer kommunen om 1 mill. kr. til investeringar for 2019 etter investeringsplanen for perioden 2019-2023.

Soknerådet søkjer òg kommunen om ei ekstraløyving på inntil kr 50.000 på revidert investeringsbudsjett 2018 for forprosjekt for investeringsprosjekt for 2019 som er bestilt.

Handsaming under møtet:

Det vart påpeika at dei to sakene frå AU burde vore skilt som to saker i soknerådspapira, og at det er soknerådet som tilsett og ikkje AU. Men det var ikkje motførestillingar til innhaldet og omgjeringa frå mellombels til fast tilsetjing. *(Tilførd etter møtet og undersøking: Delegasjonsreglementet til SR seier at AU kan omgjere stillingar, men at SR opprettar stillingar og tilsett i desse)*

Det vart vidare samtala ein del om forslaget til investeringsplan for 2019-23, og om ein skulle søkje Riksantikvaren om tilskot til brannsløkkingsanlegg til Kviteseid gamle kyrkje eller ikkje. Det ende med avstemming med 8 for og ein mot.

VEDTAK i soknerådet:

Soknerådet tek vedtaket i AU-sak 1/18 til vitande. Birgitte Nødland Danielsen tilsetjast som sekretær i 15% oppseieleg (fast) stilling ved kyrkjekontoret i Kviteseid frå 1. august 2018.

Soknerådet søkjer kommunen om 1 mill. kr. til investeringar for 2019 etter investeringsplanen for perioden 2019-2023.

Soknerådet søkjer òg kommunen om ei ekstraløyving på inntil kr 50.000 på revidert investeringsbudsjett 2018 for forprosjekt for investeringsprosjekt for 2019 som er bestilt.

Sak 44/18, FR

Revidert investeringsbudsjett 2018

KS

I Sak 19/18 28. februar 2018 vart kr 164.704 av investeringsbudsjettet som ikkje vart disponert i 2017 avsett til bunde investeringsfond.

I sak 20/17 1.mars 2017 vart det gjort vedtak om å dekke kostnader med nytt golv i Brunkeberg med mellom anna kr 58.657,50 som var ein ubrukt rest frå tidlegare års investeringsfond.

Desse tidlegare vedtaka er ikkje nok til å kunne bruke pengane slik dei er tenkt. Det må nå i 2018 gjerast vedtak om bruk av desse midlane summert til kr 223,361,50 for å kunne bruke dei.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet vedtek å bruka kr 223,361,50 frå bunde investeringsfond til investeringsprosjekt i 2018.

VEDTAK: Som føreslege.

Sak 45/18, FR

Prosjekt 'auka gåveinntekt'

HB

Prosjekt om auka gåveinntekter vart handsama i SAK 35/18 på sist SR. Prosjektleder Tore Gullaksen frå bispedømekontoret var då til stades på SR-møtet og forklara meir kva prosjektet går ut på. SR gav klart uttrykk for ynskje om og behov for større engasjement med mellom anna auka gjevarteneste. Barn og unge (Trusopplæring) og diakoni er to gode formål å profilera.

Vedtaket då var at vi går inn for å delta som pilotmenighet i prosjektet «Styrking av gaveinntekter i menighetene» i Agder og Telemark bispedømme såframt soknerådet får etablert ein komité med minst 3 medlemmar innan neste møte.

I tillegg til Håkon Birkeland og Kristen Salmelid, er nå også Astrid Tveten med. Komiteen startar arbeidet til hausten. Det er ynskjeleg med ein person til i komiteen.

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet tar orienteringa til vitande og ber komiteen orientere om arbeidet etter kvart som det utviklar seg.

VEDTAK: Som føreslege.

Tilførd etter møtet: Dagfinn Køhn blir med i komiteen og ein annan er i tenkeboksen.

Sak 46/18, FR

Plassering av ikona i Vrådal kyrkje

HB

Biskopen har tidlegare godkjent at dei fire ikona av Hæge og Svend Aasmundtveit kan hengja i Vrådal kyrkje. Plasseringa på altarveggen var godkjent som ei midlertidig prøveordning for to år. Ikona vart hengt opp og vigsla 29. januar 2017.

Soknerådet etterlyste saka under sin synfaring i Vrådal kyrkje i april 2018. Kyrkjelyden i Vrådal samtala om saka 29.april 2018 og vart samde om at dei ynskjer at ikona skal henge permanent der dei nå heng. (Eventuell utdyping under møtet)

To som ikkje hadde anledning til å vere til stades under møtet i kyrkjelyden, har sendt ei skrifteleg vurdering. Skriv frå Øyvind Jørgensen ligg ved. Det har Håkon Birkeland gitt sin tilslutning til.

Vedlegg: Uttale om ikona i Vrådal

Forslag til VEDTAK:

Soknerådet søker biskopen om permanent godkjenning av dagens plassering av dei 4 ikona av Aasmundtveit i Vrådal kyrkje.

Handsaming under møtet:

Uttale frå kyrkjelydsutvalet i Vrådal vart delt ut under møtet. Dei hadde ikkje saka oppe på eige møte, men deltok då saka vart drøfta i kyrkjelyden etter gudstenesta i Vrådal 29.april. Det var stort fleirtal i forsamlinga til at «ikonane må henge som en utvidelse av altertavla slik kunstnaren har meint. Det var en som uttalte at de bør flyttes».

Grethe og Torjus Nordbø har i melding også støtta dagens plassering.

VEDTAK:

Soknerådet søker biskopen om permanent godkjenning av dagens plassering av dei 4 ikona av Aasmundtveit i Vrådal kyrkje.

Sak 47/17

Eventuelt

HB

Ingen

Neste ordinære møte i soknerådet vert etter vedtak (69/17): 22.aug., 3. okt. og 21. nov.